



Skjåk Energi med dotterselskap

Energilova

- Energilova frå 29. juni 1990 regulerer produksjon, omforming, overføring, omsetnad, fordeling og bruk av energi, det vil seie elektrisk kraft og fjernvarme.
- Bakgrunn for lova var ønske om å rydde opp i og forenkle energiregelverket, som var spredt rundt i ulike lover, og ønske om å få på plass reglar for effektivisering av kraftmarknaden og ei betre organisering av energiforsyninga.
 - Alle selskap underlagt energilova skal føre rekneskap etter rekneskapslova uansett organisasjonsform
 - Rekneskapen skal førast på verksemdene: Omsetnad av kraft, overføringsverksemd, kraftproduksjon, tele og anna verksemd.
 - Pliktar å sende økonomisk og teknisk rapport (eRapp) årleg til RME (Reguleringsmyndigheitene, ei sjølvstendig eining i NVE (Noregs Vassdrags- og energidirektorat) (tilsvarar Kostra-rapportering for kommunane)
 - Stadig innskjerpingar i energilova med forskrifter. Frå og med 2021 kom krav om skilje både på selskap og funksjonar. Sistnemnde krav gjeld ikkje for SkiakerNett, då selskapet kjem inn under unntaket for små selskap.
 - Det er strenge restriksjonar for kva eit nettselskap kan drive med utanom overføringsverksemd, både på kva for verksemd og kor mange årsverk/timer som kan brukast til slik «overskotskapasitet», jfr. forskrift om nettregulering og energimarknad (NEM) §4-16 sal av eigen kapasitet

Rapport 2014 frå ekspertgruppe:

«Den tette integrasjonen mellom nettvirksomhet og aktiviteter knyttet til produksjon og omsetning kan gi høyere nettkostnader enn nødvendig og bidrar ikke til en hensiktsmessig nettstruktur»

- Skilje ut nettverksemd frå anna verksemd
- Hindre uheldig samanblanding
- Gje meir oversikt mellom dei ulike aktivitetsområda

Resultat av ekspertrapporten vart endringar i energilova med forskrifter og krav om at alle nettselskap skulle skiljast ut som eige juridisk eining frå seinast 1/1-2021



Nettenester omfattar desse oppgåvene*



*SkiakerNett har ikkje tilstrekkeleg kompetanse til å utføre alle oppgåvene og kjøper tenester frå Skjåk Energi, merka med blått. Må truleg kjøpe tenester frå andre nettselskap for å kunne ha forsvarleg beredskap


Fisjon/konserndanning frå 1/1-2021

- I 2020 vart det valt advokatfirma for å styre prosessen med å danne om Skjåk Energi til konsern i tråd med endringane i energilova.
 - Val av konsulentfirma etter innhenting av tilbod frå fire firma. Oppgåva til konsulentfirmaet var å verdsette dei ulike områda/verksemdene til Skjåk Energi.
 - I verdivurdering vart blant anna avlagt og revidert rekneskap 31/8-2020 brukt som grunnlag. Av andre faktorar vart det også sett på langsiktige planar for overføringsverksemda, samt prisar i marknaden for sal av kraftkundar.
 - Konserndanninga vart vedteke av kommunestyret i 24/9-2020 og selskapsvedtak den 26/10-2020.
 - Revisor sette opp inngåande balanse for 1/1-2021 for dei nye selskap etter verdivurdering og revidert rekneskap 31/12-2020 (fisjonsbalanse)

-
- Styrevedtak 22/10-2020 og vedtak i generalforsamling 26/10-2020 om fisjon der bytteforholdet følger verdivurdering av Skjåk Energi og nettoverdien/eigenkapitalverdien er 179,2 MNOK, totalkapitalen 251 MNOK fordelt slik:
 - Kraftproduksjon 177 MNOK
 - Nettverksemd/distribusjonsnett 28 MNOK (inkl. Vassverkvegen 5)
 - Fiber 18 MNOK
 - Kraftsal 7 MNOK
 - Finansielle anleggsmidler og fast eiendom (Moavegen 28ABC) 21 MNOK



Andel av total kapital (EV):



Fisjonsvederlaget, bytteforhold

SkiakerNett (nett) 15 %

Skjåk Vasskraft 55 %

Aursjokraft (marknad) 5 %

Skjåk Energi Entreprenør 5 %


Skjåk Energi (eigedom) 20 %

Fisjonsbalanse 01.01.2021 (sett opp av revisor)

alle tall i 1 000 kr	Bokført verdi	Virkelig verdi	Merverdi				
Netto eiendeler	62 557 198	179 200 000	116 642 802				
Aksjekapital	10 020 000						
Overkurs	47 965 362						
Annen innskutt egenkapital	0						
Annen egenkapital	4 571 836						
Sum egenkapital	62 557 198						
	Nett OD	Eigedom OT1	Entreprenør OT2	Vasskraft OT3	Marknad OT4	Sum	diff
Fordeling eiendeler virkelig	32 200 000	36 300 000	18 000 000	85 700 000	7 000 000	179 200 000	-
Fordeling eiendeler/gjeld bokført	29 466 061	14 069 841	17 903 345	883 436	234 516	62 557 198	(0,01)
Ønsket bytteforhold	15,00 %	20,00 %	5,00 %	55,00 %	5,00 %	100,00 %	
Gir fordeling virkelig verdi	26 880 000	35 840 000	8 960 000	98 560 000	8 960 000	179 200 000	
Intern fordring gjeld	-5 320 000	-460 000	-9 040 000	12 860 000	1 960 000	0	

- Utestående kundefordringer kraft 31/12-2020 på 1,6 MNOK vart innbetalt til SkiakerNett. Kraftinntekter på 2,4 MNOK for januar 2021 vart også innbetalt til SkiakerNett. Dette auka gjelda hos SkiakerNett til 9,32 MNOK ved utgangen av januar 2021. Konsernintern gjeld hos SkiakerNett er på 10,8 MNOK pr. 31/12-2023.
- Andre bankinnskott i Skjåk Energi vart ståande hos morselskapet og førte til at gjelda til Skjåk Vasskraft auka med 14,5 MNOK til 14,96 MNOK. Konsernintern gjeld hos Skjåk Energi er på 12 MNOK ved utgangen av juni 2024. Ansvarleg lån med renter og månedlege avdrag til Skjåk Vasskraft.
- Skjåk Energi Entreprenør skuldar Skjåk Vasskraft 3,6 MNOK ved utgangen av juni 2024. Opprinneleg gjeld var på 9,04 MNOK.

Samla driftsresultat for verksemdene i Skjåk Energi, frå 2006 til og med 2020 (totalt 217,3 MNOK)




Fakta om perioden 2006 til 2020*

- Akkumulert driftsresultat for nettverksemd var på **17 083 kroner**, normert akkumulert resultat for denne perioden skulle ha vore **31,7 MNOK ved effektiv drift**
 - Resultat i nettverksemda skal brukast til å vedlikehalde og investere i nettet
 - Investeringar i overføringsnettet + utstyr/maskiner i åra 2006 til 2020 **på 30,5 MNOK**
- Skjåk Energi overførte 155,7 MNOK til Skjåk kommune i perioden 2006 til og med 2020
 - 73,8 MNOK er renter på ansvarleg lån i samband med Øvre Otta
 - 80 MNOK er eigaruttak på avtalekraft Øvre Otta, Skjåk 1 samt eigaruttak på konsesjonskraft og nedbetaling på ansvarleg lån
 - Utbytte utgjør 1,9 MNOK (frå 2019 då Skjåk Energi vart aksjeselskap)


*Tal frå årsrapportane til Skjåk Energi 2006 -2020, revidert og i tillegg kontrollert av NVE (Noregs Vassdrags- og energidirektorat)

Resultat nettverksemd samanlikna med effektiv drift



Driftsresultat ved effektiv drift (blå line): Nettkapital multiplisert med NVE-renta
Høg grad av investeringar vil føre til krav om eit høgt resultat ved effektiv drift. Høgt investeringsnivå som i 2023 tærer hardt på arbeidskapitalen og likviditeten til selskapet.

Resultat før skatt 31/5-2024



Større prosjekt som påvirkar den likvide situasjonen

Rehabilitering av Skjåk 1 vert vesentleg dyrare enn prognosert*

- 56 % auke i kostnadane
- Delen til Skjåk Vasskraft vil auke med 8 MNOK, prosjektet vil få ein totalkostnad på 21 MNOK (16,5 %-delen)
- Investeringsinnkallingar i 2024 på 4 MNOK, i 2025 10,2 MNOK og 6,28 MNOK i 2026.

Planlagde investeringar i SkiakerNett utgjer 33 MNOK for perioden 2024 til 2028

- Må låne minimum 15 MNOK til planlagde investeringar
- SkiakerNett har fisjonsgjeld hos Skjåk Energi, Skjåk Vasskraft og Aursjokraft på 10,8 MNOK pr. 31/12-2023
- Gjere opp denne gjelda ved å ta opp lån eksternt


* Orientering frå Hafslund Kraft i styremøte i Skjåk Vasskraft 28-6-2024. Informasjon om ny auke i investering i Skjåk 1 på 1 MNOK for Skjåk Vasskraft 5/8-2024 frå Hafslund Kraft.

Kommentarar til den likvide situasjonen


- Informasjon etter kommunestyremøte 20/6-2024. Styret i Skjåk Vasskraft vart informert fredag 28/6-2024 om 49% auke i kostnadane med rehabiliteringa av Skjåk 1*.
- Det har tidlegare vore informert styret og eigar om at det ikkje er sterk arbeidskapital i nokre av selskapa i konsernet og kostnader utanom vanleg drift fører til at konsernet får ytterlegare svekka likviditet.
- SkiakerNett må innfri gjelda til Skjåk Vasskraft tidlegare på grunn av kostnadsauka i Skjåk 1.
 - Opprinneleg plan var at gjelda skulle omgjerast til ansvarleg lån med nedbetalingstid på 10 år, vore utsett fleire gonger.
 - Ta opp lån på minimum 25 MNOK. Likviditeten i SkiakerNett vil ikkje bli betre, men selskapet øydelegg ikkje likviditeten til mor og søsterselskap og viktige investeringar blir ikkje stoppa

* Auka til 56 % pr. august 2024

Arbeidskapital for konsernet ved 0-alternativet




Arbeidskapital for konsernet etter fusjon




Arbeidskapital er differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld i balansen og fortel kor mykje pengar eit selskap treng for å finansiere dei daglege driftsaktivitetane.



Utvikling arbeidskapital, 0-alternativet



Arbeidskapital kvart selskap i konsernet etter fusjon



Utvikling likviditet, 0-alternativet




Eigenkapitalandel (Eigenkapital /Totalkapital * 100)


Dess lågare eigenkapitalandelen er,
dess meir gjeld har selskapet brukt
for å finansiere eigedelane.

	2021	2022	2023
Skjåk Energi	70,0 %	59,6 %	69,3 %
SkiakerNett	68,5 %	61,3 %	66,2 %
Aursjokraft	20,0 %	12,1 %	30,4 %
Skjåk Vasskraft	6,6 %	6,5 %	8,5 %
Skjåk Energi Entreprenør	43,9 %	39,0 %	53,5 %
Snitt for konsernet	41,8 %	35,7 %	45,6 %

Utbytte og avdrag, 0-alternativet (7 MNOK)





Utbytte, fusjon (30,4 MNOK)



*Ved fusjon vil gjeld hos SkiakerNett og Skjåk Energi Entreprenør på totalt 14,4 MNOK bli innfridd til Skjåk Vasskraft, Aursjokraft og Skjåk Energi

- SkiakerNett skuldar 10,818 MNOK til mor og søstre
- Skjåk Energi Entreprenør skuldar Skjåk Vasskraft 3,6 MNOK
- Gjeld på 14,418 NOK hadde vorte innfridd ved fusjon







Høge investeringar betyr høgare nettleige

- Eksempel er Øvre Otta-utbygginga, der nettleiga i Skjåk vart den nest høgaste nettleiga i landet i fleire år.

Utvikling bankinnskott SkiakerNett 2024




Tal på nettkunder per nettselskap pr. 2022, statistikk frå NVE



Sidan denne oversikta frå NVE er det vore fleire fusjonar i bransjen, blant anna Modalen Kraftlag er fusjonert inn i BKK, som er eigd av Eviny. Hemsil blir fusjonert inn i Hallingdal Kraftnett i 2024.

Gjennomsnittlig årleg auke i nettkunder på 0,6 % frå 2005 til og med 2023



Fortid SkiakerNett

- Fortid prega av svak effektivitet
 - I 2008 vart Skjåk Energi kalla inn på teppet hos NVE, pga. bekymringsmelding frå KS då nettverksemda i Skjåk var blant dei minst effektive i Norge og nettleiga var blant dei høgaste
 - Fekk beskjed om å leggje meir vekt på nettverksemda og ikkje bruke for mykje tid på fiber og andre verksemdar
 - Fleire forsøk på effektivisering av nettdrifta gjennom åra. Av desse kan nemnast spesielt:
 - I 2018 vart det sett i gang med opplæring og bevisstgjeringsprosjekt på effektiv drift. Tok i bruk inntektsrammeverktøy. Alle investeringar og vedlikehald på nett måtte bereknast i verktøyet
 - I 2019 deltok Skjåk Energi på effektiviseringsprosjekt i Nettalliansen saman med fem andre selskap



Framtid SkiakerNett

- Lite sannsynleg at nettverksemda vil klare å ligge på 100 %-effektivitet over tid. Truleg vil effektiviteten ligge mellom 89 % og 96 %
 - Inntektsramane vil bli lågare og vil føre til lågare resultat. Lite sannsynleg at selskapet kan gje utbytte/konsernbidrag
- Minimalt vekstpotensiale nettkundar (historisk årleg vekst 0,6 %) er ei utfordring
- Endringar i energilova med forskrifter vil avgrense overskotskapasitet/sal av kapasitet
 - Det betyr at nettselskap vil ikkje få lov til å drive med anna verksemd enn overføringsverksemd i særleg grad. Ingen moglegheit for å bygge opp anna verksemd i nettselskapet.
 - Utfordring i reduserte moglegheiter på å bruke overskotskapasitet, for krav til minimum tal på deltakarar på vakt kan skape overskotskapasitet nettverksemda.



Framtid SkiakerNett

- Må bli dyktige på langsiktig planlegging av kva som skal gjerast i nettet
- Balansere betre drift/vedlikehald kontra investeringar/reinvesteringar
 - 2023 er eit eksempel på mangel på balansering med om lag 90 % investering/reinvestering. Bør ligge på maksimalt 60 % investering, elles vert det eit stort etterslep med vedlikehald av nettet og det vert brukt meir midlar enn bedrifta skapar.
- Digitalisering – må ta i bruk teknologi for å fornye, forenkle og forbetre arbeidet
- Ved å kjøpe tenester til driftssentral og overordna vakt **vil det bli tilgjengeleg eit årsverk** som tidlegare vart brukt til overordna vakt.
 - Sikre forsvarleg beredskap, særleg ved kriser over ei lengre tidsperiode
 - Felles handbøker for beredskap, inkl. instruksar og planer
 - Er lovpålagt og NVE kontrollerer jamleg nettselskap for etterleving av gode rutinar
 - SkiakerNett er varsla om at NVE vil kontrollere vedlikehald av nettet og beredskapen til SkiakerNett i november 2024
- SkiakerNett må i næraste framtid tilførast kapital (eksternt)



Overordna vakt og driftssentral

- Driftssentral

- Planlagt investering i ny driftssentral hos SkiakerNett 2,3 MNOK mot investeringskostnad i **felles** driftssentral bli 1 MNOK
 - **Truleg innsparing 1,3 MNOK**
- Årleg driftskostnader hos SkiakerNett 0,795 MNOK, ved å leige tenester på **felles** driftssentral vil årleg driftskostnad bli 0,3 MNOK
 - **Truleg innsparing 0,495 MNOK**

- Overordna vakt

- Årlege driftskostnader på 605 TNOK for overordna vakt i SkiakerNett. Felles overordna vakt i samarbeid med andre nettselskap vil gje ein årleg kostnad på maksimalt 100 TNOK
 - **Truleg innsparing 500 TNOK**
- Overordna vakt på dagtid og ved krisesituasjonar vert gjennomført av tilsette i SkiakerNett
- Det vil vere driftsleiar i SkiakerNett

Framtidsutsikter Skjåk Energi Entreprenør (SEE)

- Kan ikkje kjøpe tenester frå SkiakerNett som overstig «overskotskapasitet»
- Bråstopp i solenergimarknaden i 2023
 - Kva tid vil dette ta seg opp att?
 - Når kan det settast inn ressursar att i selskapet?
 - Kjøpe tenester frå eksterne selskap/entreprenørar
- Ved ingen tilsette og minimalt kjøp av tenester, vil SEE ha overskot sidan leigeinntekter fiber vil overstige dei faste kostnadane og avskrivningar
- Opprinneleg plan ved konserndanninga var at SEE skulle vere eit fiberselskap i samsvar med energilova med forskrifter.
 - Regelverket seier at all kommersiell fiber skal ut frå nettselskapet og er derfor plassert i SEE

Skal det satsast i SEE må det tilførast kapital

